

Kvam kyrkje



Kvikne kyrkje



Skåbu kyrkje



Sødorp kyrkje

# KYRKJEBLAD
## for
# NORD-FRON

Nr. 4 - desember 2024 - årgang 69





Foto: Per Øyvind Fredin

# TIL TENESTE

**Nord-Fron kyrkjekontor**
Gateadresse: Nedregata 54, 2640 Vinstra
Postadresse: Nord-Fron kyrkjelege felles-råd. Nedregata 50, 2640 Nord-Fron

**Kontortider:**
Kl.: 09.00 - 13.00
Tlf.: 612 16 290

**Sekretær:**
Venke Helen Sletten. Tlf: 612 16 290

**Kyrkjeverje:**
Grete Bakken. Tlf: 612 16 292
Mob.: 991 13 936

**Sokneprest i Kvam og Skåbu**
Benjamin Fjellheim Olsen
Mob.: 403 12 795
Tlf. 612 16 293

**Vikarprest:** Jens Petter Ous
Tlf. 612 16 294
Mob.: 975 74 993

**Diakon og trusopplærar:**
Per Øyvind Fredin. Kontor: 612 26 272
Mob.: 401 65 789

**Kyrkjemusikar:**
Iren Falkenhaug. Mob.: 967 39 550

**Organist:**
40 % stilling ikkje besatt

**SØDORP SOKN**

**Soknerådsleiar:**
Kirsten Dina Leine. Mob.: 901 01 690

**Kyrkjetenar/graver:**
Frank Varpestuen. Mob. 456 06 026
Atle Kolloen. Mobil: 906 90 334

**KVAM SOKN**

**Soknerådsleiar:**
Torolf Hagen. Mob.: 976 85 912

**Kyrkjetenar:**
Svein Fredrik Kjærstad
Mob.: 908 45 584

**KVIKNE SOKN**

**Soknerådsleiar:**
Kristian Ekre. Mob.: 911 31 563

**Kyrkjetenar:**
Bernaldo Hartjes. Mob.: 452 36 474

**SKÅBU SOKN**

**Soknerådsleiar:**
Unni Bøyum Kluge. Mob.: 932 92 209

**Kyrkjetenar:**
Bernaldo Hartjes. Mob.: 452 36 474

**FAMILIERÅDGJEVING**
Familievernkontoret, Otta
Storgt. 21, 2670 Otta
Tlf. 612 30 536

**Grafisk produksjon:**
Dale-Gudbrands Trykkeri a.s.,
www.dg-trykk.no



# HEIM OG KYRKJE

## Døypte

**KVAM:**
Anna Elise Bjørdal Saglien
Safije Florin
Merita Florin
Eivind Andre' Florin
Martin Enget Baukhol
Erik Koti Øyen

**SØDORP:**
Eirik Rindhølen Haugrud (Døypt i Heidal kirke)
Lars Daniel Løkken
Anni Linnea Løkken
Emma Kolseth Oppegaard

**KVIKNE:**
Magnus Martinsheimen Landgraff
Kristian Olstad
Hedda Slåsletten Lyngstad
Embjør Lien
Ida Rannstad Dahlen

## Vigde

**SØDORP:**
Trine Kristin Grøthe og Jon Skuthe

## Døde

**KVAM:**
Jens Arne Sætre
Solveig Bjørke
Oddveig Bjørke
Arve Magnar Tangen
Anne Stormorken

**SØDORP:**
Tor Sletten
Åse Kaltrud
Inger Elise Aulie
Ole Grinden
Vegard Nielsen Nilstad

**KVIKNE:**
Kari Kvalen
John Sigmund Haugen
Ester Hagelien
Ingrid Stakston

**SKÅBU:**
Asbjørn Veslum
Margretha Kampesæter
Gudveig Kjellfrid Blekastad

God Jul

vipps

**VIPPS NUMMER TIL SOKNERÅDA**

| | | | |
|---|---|---|---|
| KVIKNE: | 137266 | SØDORP: | 135692 |
| KVAM: | 113553 | SKÅBU: | 115389 |

**Kyrkjekontorets e-post-adresse:** grete.bakken@nord-fron.kommune.no
**Heimeside:** www.kirken.no/nord-fron


**KYRKJEBLAD FOR NORD-FRON**

Redaktør: Bjørn Kjellsson Sletten (avtroppande). Ny redaktør tiltrer 01.12.2024.
Redaksjonskomite: Per Øyvind Fredin, Unni Bøyum Kluge (Skåbu), Liv-Elin Aasmundstad (Kvikne), Tone Berit Øyen (Kvam).


**NESTE NUMMER**
av Kyrkjeblad for Nord-Fron kjem ut før påske.
Frist for stoff: **15. februar.**

Kyrkjeblad for Nord-Fron – Nedregate 50 – 2640 Vinstra
Kontonummer: 2095.49.59768

# Eit bilete å feste håpet til

*Av: Ole Kristian Bonden, biskop.*

## Juleandakt 2024

«Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske Gud har glede i», song ein stor himmelhær over verda julenatt, og over det vesle barnet i krubba.



*Foto Ole Martin Bøe / Den norske kirke*

"Å sjå det store i det små» har vorte eit uttrykk for oss, på mange måtar ein klisjé. Men klisjéar held ofte ei sanning. Og er det noko eg har vorte mint på når eg har reist i heile bispedømmet, er det nettopp å sjå det store i det små. I møte med menneske sine liv og lengsler, og behov for tryggleik og fellesskap lokalt, rører vi ved liv, lengsler og behov i verda. I møte med sørgjande som har mist ein av sine kjære, eller i møte med nybakte foreldre, vekkast kjærleiken og omsorga som er universell. Granskar vi mikroorganismar i naturen, eller gler oss over ei bie eller ein blome, får vi samstundes ein glimt av universets mysterium og heile det uendelege kosmos. Eg har lært å sjå det store i det små, fordi Gud kom til verda i eit lite barn. Fordi Gud let seg fødast til jorda. Ordet som vart menneske. Kan du sjå det store i det små?

Ordet skapa lyset den morgonen. Gud sa: «Det skal bli lys!» Og det vart lys! Dette Ordet blir fødd på ny og blir lys som skin i mørkeret, ja, som skin for kvart menneske. Slik opnar evangeliet til Johannes. I kunsten kjem dette til syne gjennom måleri av Jesu fødsel. Det finst ikkje lys i stallen. Lyset i måleriet strålar ut frå barnet. Og det er dette lyset som skin på alle dei andre i stallen. På stolte og slitne foreldre. På fattige og litt forskremde gjetarar. På dyr og detaljar i rommet. Det lyser på alt det skapte, og skapar ny verkelegheit. Slik tolkar kunsten den verkelegheita som vert skapt i Jesu fødsel og i Guds kome til verda. «Det som vart til i ham, var liv, og livet var lyset for menneska. Lyset skin i mørkeret, og mørkeret har ikkje overvunne det».




*Foto: Stefen Laursen*

Jula kjem med ei gåve til oss alle. Den kan verke lita og ubetydeleg. Berre ord? – ei forteljing om ein fødsel? Men Jesus skapar ein skilnad. Juleevangeliet gir oss eit bilete å feste håpet til.
Ser vi det store i det små? Nå som verda feirar jul igjen, møtast vi av evangeliet om nåde, håp og glede. Vågar vi tru det, som gjetarane på markene? Når vi tenner lysa, syng og samlast og et – i kyrkje-rommet og i alle andre rom i høgtida. Over heile verda, der kontrastane er så store at dei nesten ikkje er til å halde ut, og når verkelegheita slår imot oss, ligg det ei bøn og eit levande håp i julefeiringa vår. Eit lys som skin i mørkeret. I Ordet som skapar lyset og livet.

I Gud som kjem – får vi også tru.

# Konfirmantjubileum i Kvam

## *50-års konfirmanter 2024*



*Framme f. v.: Kari Røssum, Mai Britt Øybrekken f. Seidelien; Alice Andersstuen, Mari Børseth f. Ruststuen, Tove Moen f. Holten; Else Kari, Stebergløkken, Mari Stormorken Nilsen.*
*Bak f. v.: Jonny Jensvoll, Vidar Nymoen, Tor Olsen, Anton Melbø.*

## *60-års konfirmanter 2024*



*F.V: Odd Brendstuen, Harald Marius Sandbu, Liv Korpberget, f. Jonsgård, Berit Milsteinhaugen f. Øyen, Martha Jotun, f. Steine, Einar Kolbjørn Krok*

*70-års konfirmanter 2024*



*Framme f.v.: Einar Brustuen, Bjørg Sandbu f. Eide.*
*Bak f.v.: Randi Lien f. Brendstuen, Marit Jonsen f. Tungen,*
*Ola Kolbjørn Kjørum, Petra Jensvoll f. Nordlien*

*80-års konfirmant 2024*



*Ingolf Eide*

# Julehelsing frå Kvam sokneråd

Nå er det starten på advent , og det kan gjøre godt å roe ned og nyte den fine tida inn mot jul.
Men det er mange som kan ha det vanskelig også, enten de har mistet noen i året som er gått, er syke eller andre ting som gjør at førjulstida og jula kan være vanskelig.
Må få takke alle som har bidratt som frivillige, enten det er på dugnad, verter for åpen kirke, tekstlesere, alle ansatte i kirka og soknerådet.
Setermessa i sommer var på Nysetra hos Vigdis Kjørum, det ble en vellykket dag med over 30 som møtte opp på setra. Dette var den første messa som vår nye prest Benjamin Fjellheim Olsen hadde i Kvam. Vi ønsker Benjamin velkommen og håper han vil trives i bygda og ønsker ham lykke til.
Konfirmantjubileet i høst for 50-, 60-, 70- og 80-årskonfirmanter samlet ca 35 stk, der det var servering av smørbrød og kaffe og kaker. Underholdning med sang og musikk av Liv og Nils Hagen.

***Ønsker alle i Kvam Sokn en Riktig God Jul og Et Godt Nyttår!***

*Kvam Sokneråd: Torolf Hagen.*

# Konfirmantjubileum i Sødorp

## 50-års konfirmanter 2024



F.v.: Vidar Wahlquist, Ole Magnus Røen, Johan Brandstad, Morten Wangen
F.v.midten: Aud Wahlquist Byrløkken, Rønnaug Anna Tron Morken, Inger Helene Jordalsløkken Dahle, Heidi Haugen,
Forran: Aud Bøe, Bjørg Inger Fossen, Anne Marie Tofte Bjørvik, Wenche Bøe

## 60-års konfirmanter 2024



F.v.: Ole Solberg, Nils Olav Vennevik, Morten Brændhaugen, Kjell Hermansson, Lodver Bryhn
Brit Nilsen, Ellen Sørlie Bårdseth, Marit Haugen Strømstad, Elisabeth Ebbing, Torunn Kjellfrid Flatmoen Neverdal
Anni Helene Furuheim, Kari Sofie Marstein, Mjøen, Anna Brandstad Lien

*70-års konfirmanter 2024*



*F.v.: Kari Emma Hagen Sørås, Jon Skåden, Liv Maurstad*

*80- og 90-års konfirmanter 2024*



*F.v.: Kari Tarud Arnekleiv (90-årskonfirmant) og Marit Skar Løkken (80-årskonfirmant)*

# Julehelsing frå Sødorp sokneråd

Vi står framfor adventstida og eg vil ønske alle i soknet vårt, ein fin og glad desember.

Eg ønsker at alle skal kjenne og oppleve ei god og trygg ventetid. Der dei har folk rundt seg, som er inkluderande og viser dei tillit. ... at alle skal kjenne at det finst medmenneske som har omsorg, at dei skal kjenne varmen frå folk som bryr seg, at noen vil dei vél. Noe av det beste eg personleg veit, er at noen vil meg vél. Da blir eg glad. Men så kjem tvilen snikande, og det dårlege samvetet.
Dagleg får vi inn alt det forferdelege som skjer i verda. Da kjem mismot, og eg blir redd og kjenner meg liten og makteslaus. Er det lov å vera glad, jublande glad, når så mykje vondt skjer..? Kan eg tillate meg det? Jau, eg trur det! Vi skal vise glede,vi skal glede andre, vi skal vera fulle av liv og fulle av håp. Håp og glede høyrer saman. Håp gir oss tryggleik og fred, og hjelper oss til å vera og gjera det gode. Der det finst håp, finst glede, og glede omsett i handlinger - dét er det beste som kan skje i verda vår....
Alf Prøysen si “Julekveldsvise” gir oss óg håp, med stjerna som syner oss vegen...
”... den fysste gong hu skinte, så laga hu ei bru, imilla seg og himmel`n og ei krybbe og ei ku..”

Vi i Sødorp Sokneråd, vil sende ei særskilt helsing til alle, som på ein eller anna måte slit, som er einsame og åleine og kanskje har mista noen dette året.
Samstundes vil vi óg takke alle, som gjer eit arbeid for kyrkja. Tilsette, vikarer, alle frivillige, kyrkja treng dykk alle.
Så ønsker eg at mange finn glede og oppmuntring i gudstenestene, i advent- og juletida...

***Vi ønsker alle ei God Jul og eit velsigna Nytt År.***

*For Sødorp sokneråd, Kirsten Dina Leine*

# Konfirmantjubileum i Kvikne

## 50-års konfirmanter 2024



*Frame frå venstre: Hanna Irene Aspeslåen, Karin Rogne, Liv Aasen, Ingrid Nyhus, Liv Ragnhild Sørås*
*Bak frå venstra: Tor Kvalen, Geir Wilfredson Grosberg, Magnar Bratlien.*

## 60-års konfirmanter 2024



*Fra venstre: Karen Nybroen, Randi Odlo*

## 70-års konfirmanter 2024



*Frå venstre: Lodvar Palmer Sandbakken, Reidun Løkken Kongsli, Svein Sylte*

# Julehelsing frå Kvikne sokneråd

Det er all grunn til å vera takksam for at vi bur her i Noreg.  Mye ufred  og konflikter av mange slag rundt omkring i verda, gir fort eit perspektiv på korleis vi sjølve har det. Det er viktig å ikkje gløyme dei som er utsett for forfølging, krig og mangel på mat.
Så har også vi utfordringar. Det har også i år vore fleire matutdelingar her i kommunen, noko vi såg som utenkeleg for nokre år sidan, og som skjedde under andre himmelstrok enn våre.  Nå har vi det her.  Det gir eit ansvar for oss som har, å dele med dei som manglar; inntekt til det viktigaste i kvardagen og nokon som ser om ein.  Og ikkje berre nå i samband med jula, men også resten av året.  Det er da det er flest dagar som skal levast.

Soknerådet vil med dette helse til alle i soknet som har mista ein av sine i året som gjekk og til dei som slit med helsa på ymse vis.  Soknerådet er også glade for alle som har gitt sine bidrag til kyrkja og har omtanke for ho. Takk for godt samarbeid med alle som arbeider i kyrkja og som gjer sitt beste for at arbeidet skal bera frukt og leva vidare.

***Så vil vi ønskje ei god jul og eit godt 2025 med to vers frå Brorson.***

La verden ei med all sin makt
oss vende bort fra dåpens pakt,
men gi at all vår lengsel må
til deg, til deg alene stå!

Så skal det skje at vi engang
blant alle helgners frydesang,
i himlens glade paradis
skal prise deg på englevis.

*For Kvikne sokneråd*
*Kristian Ekre*

# Julehelsing frå Skåbu sokneråd

**«Vi ber om en jord uten kriger,**
**der grenseløst vennskap kan vinnes,**
**det hender kan møtes med tillit,**
**og våpen og vold ikke finnes.»**

Slik sier Vidar Kristensen det i sin oversettelse av salme nr. 739.

Så er det sagt. Igjen.

Og det er viktig!  Men vi må heller ikke glemme hvor heldige vi er – i Norge, i Nord-Fron, i Skåbu – som får bo og leve i et godt og trygt hjørne av verden.

Jeg er dypt takknemlig for fredelig liv, vakker natur og gode mennesker rundt meg. Så la oss vise hverandre takknemligheten og gleden, og prøve å spre lyset fra vår lille tue til andre som trenger det.

Velsignet julehøytid til dere alle; sambygdinger, frivillige og ansatte i kirken,  og i år ikke minst til den nye sognepresten vår, Benjamin. Velkommen til oss!

***Med ønske om gode, lyse dager***

*Skåbu sokneråd, Unni Bøyum Kluge*

# Konfirmantjubileum i Skåbu

*Det var ikke så mange konfirmantjubilanter i Skåbu fra kullene som var født i 1949 og 59. Derfor ble det også få påmeldte til feiringen, noen av de påmeldte falt fra, og til slutt var avlysning det eneste valget.*

*Vi satser på en felles-feiring neste år, med de som var invitert i år, pluss kullene fra 1950 og 1960. Velkommen 5. oktober 2025!*

# Skaperverket og lego

*Av menighetspedagog, Per Øyvind Fredin*



I høst returnerte 4-åringene som var med på samling i våres til høsttakkefest i Sødorp kapell for å få 4-årsbok. I god tradisjon ble det sang, "Kven har skapt alle blomane".



I oktober var en liten gjeng med 4.- klassinger samlet i Sødorp kyrkjestugu for å bygge lego. Når legoverkstedet er et tiltak i kirkelig undervisning, ligger det kanskje i kortene at rammene for byggverkene er gitt. Menighetspedagog Per Øyvind presenterte noen ideer med tanke på hva barna kunne bygge. Etter at han hadde gjenfortalt i korte trekk om Babels tårn, kasta ikke uventa mange byggherrer seg på den umulige oppgaven å bygge tårnet – tårnet i Det gamle testamentet som menneskene hadde høye ambisjoner med. Så høye ambisjoner at Gud satt en stopper for selve prosjektet. Historia ender med at menneskene som bygde på tårnet fikk gitt ulike språk. Og som kjent - når vi mennesker ikke lenger forstår hverandre, blir det ikke lett å samarbeide. Historia forteller videre at menneskene som bygde tårnet ble fylt av angst og frykt, og ble spredt utover hele jorda. På samlinga ble det dessuten laget logoer (kors) og landskap. Og som i bibel-teksten rakk heller ikke denne gangen tårnene til himmelen. 9-åringane likte opplegget og kunne tenke seg å ha lego-samling igjen.

**Mini-adventsleir på Kirketeigen**
**7.-8. desember 2024**



Målgruppe: For barn 4-12 år og dei som vil kan overnatte (dei minste med ein vaksen). Det vert julefilm på storskjerm, koselig kveldssamling, Juleevangeliet, god mat, juleverkstad og grautfest for heile familien på søndag. Leiren arrangerast i samarbeid mellom Kirketeigen og Laurdagsklubben. Alle er velkomne. For meir informasjon og påmelding sjå «Laurdagsklubben Vinstra» eller «Kirketeigen Camping» på Facebook. Eller ring Hildegunn på nummer 95935300

# Rotter som bidrar til godt lokalsamfunn i Kvam



*F. v.: Skuespillere i Kirkerottene: Amalie Strande Kjelsrud og Mari Cathrine Brostuen Hagen*

**Teaterteamet til Kirkerottene inntok Kvam 20. oktober, og diakon Per Øyvind Fredin tok en prat med skuespiller Mari Cathrine fra det omreisende teateret.**

- Mari Cathrine, du har vært her som skuespiller i Kirkerotte-teateret før. Hvor mange ganger har du vært her?

Kvam har vært en av de plassene vi har besøkt alle de årene vi har vært ute og reist. Så jeg vil si at det kanskje er 10. gang jeg er her.

Sosialt samvær for barn og foreldre er viktig. Da kan folk bli bedre kjent, og det går an å slå av en prat over en kaffekopp.

- Hva er det beste med å komme hit?

Det er at det alltid er koselige folk som tar oss imot, og folk her er godt forberedt på at vi kommer. Det er sånn at vi ofte skryter av Kvam når vi er rundt omkring ellers i landet. For vi reiser jo over hele landet gjennom året. Og da forteller jeg om at her serveres sånne rotteboller - som det alltid gjøres her, og det er suksess.

**Kirkerottene – lavterskel kirke og døråpner for barn og voksne**

Mari Cathrine forteller at som skuespiller har hun ikke noe tilknytning til kirka. Men hun tenker at kirkerotteforestillingene er en gyllen anledning for menighetene rundt omkring i landet til å samle folk.

Jeg kommer ikke fra en familie med veldig mye «kirkegjengeri». Denne teaterforestillingen er såpass lavterskel med allmenngyldige tema - alle kan komme å se på kirkerottene. Det jeg har jeg lært i løpet av åra som jeg har reist, er at du må ikke være så dypt religiøs for å oppsøke kirka. De som oppsøker kirka er det helt vanlige folk, og det er ikke noe mystisk og mytisk rundt det - kirkerotteprosjektet er en døråpner som viser at kirka kan være for alle. Og samfunnsmandatet til kirka er jo at den skal lage gode lokalsamfunn, blant annet.

**Kirkerottene og kattunge – å komme ut av komfortsonen**
"Kirkerottene og kattunge" er den første som ble laget av de tre forestillingene som teateret oppfører. I denne forestillingen forteller blant annet Kari-prest historien om den barmhjertige samaritanen. Til slutt må hun utfordre sin egen frykt. Hun er livredd mus og rotter! Men hun får jo vondt av rottene som ikke har noen plass å bo, og tilbyr dem rom i kirka.

- Her i dag skal du og dine kollegaer framføre "Kirkerotte og kattunge". Hva vil du si om teaterforestillingen?

Forestillingen handler veldig mye om vennskap og om hjelpe hverandre. Og gjøre ting som du egentlig ikke tør.



# Kirkemusikksymposium i Danmark

**Iren Falkenhaug er kirkemusiker i Nord-Fron, og har skrevet denne teksten om sin deltakelse på kirkemusikksymposiet i København i september.**

Jeg deltok i det 23. Nordiske Kirkemusikksymposium i København 19.- 22. september. Det var en utrolig berikende opplevelse som har bidratt betydelig til min faglige og personlige utvikling, og utvidet min horisont som kirkemusiker.

Kirkemusikksymposiumet er en fantastisk fagkonferanse for kirkemusikere i Norden. Dette store arrangementet fungerer som et viktig møtested og inspirasjonskilde for alle som er engasjert i kirkemusikk. Det var et bredt spekter av deltakere (over 600 deltakere) og temaer. Dette er en begivenhet som bidro til å øke min kunnskap, og åpner nye muligheter for samarbeid med kirkemusikere fra hele Norden.

Arrangørene hadde satt sammen et imponerende program med et bredt utvalg av forskjellige arrangementer, seminarer, masterclasser og over 50 konserter. Jeg hadde valgt tre seminarer med undervisning i orgelspill, orgelimprovisasjon og salmesang med konfirmanter. Alle de tre seminarene var verdifull læringserfaring som jeg definitivt kan ha nytte av i jobben min. Det er veldig spennende å tenke på hvordan jeg kan gjennomføre det jeg har lært i min praksis.

Jeg fikk mange varierte og rike musikalske opplevelser under symposiet. Jeg var på totalt 16 forskjellige instrumentalmusikk- konserter, korkonserter, orgelkonserter med moderne musikk av nordiske komponister og andre arrangementer i vakre Københavns kirker med mange talentfulle musikere og enormt engasjert publikum. De fleste var selvfølgelig kirkemusikere fra nordiske land. Dag og kveld ble fylt med musikalsk magi og fellesskap.

Det var blant annet en fantastisk ekskursjon til Frederiksborg slottskirke for å oppleve berømte orgler og høre spennende historier. Dette ga en unik mulighet for å dykke ned i dansk kulturarv og orgelmusikk.

Den store åpningskonserten i det Kongelige Danske Musikkonservatorium var spesiell da blandet kor fikk selskap av både barnekor, ungdomskor, trompetist, tenor, og domorganist i Matias Vestergårds store kantate Lovsynger Herren. Til slutt løftet taket seg nesten, da publikum fikk lov til å synge med, og mer enn 700 sangere sang sammen Niels W. Gades Morgensang av Elverskud.

Nordisk Kirkemusikksymposium ble avsluttet på en helt fantastisk måte med festhøymesse i Københavns Domkirke. Det 100-årige Københavns Guttekor, domorganist, biskop Peter Skov-Jakobsen og over 700 deltakere gjorde dette til en minneverdig begivenhet. Med salmer på fem språk, bønner på seks språk (inkludert færøysk) og med fem kor, var det en gudstjeneste ut over det vanlige.

Jeg er dypt takknemlig for støtten og tilliten jeg har fått fra Nord-Fron kirkelige fellesråd. Denne muligheten har virkelig vært en inspirasjon for meg, og ser frem til å iverksette kunnskapene og erfaringene jeg har tilegnet meg.



*Iren på orgelkrakken i Sødorp kyrkje*




*Nordisk Kirkemusiksymposium*

# Julekonsertar i kyrkjene våre

**17.november:**
Symfonisk søndag m/ Midt-Gudbrandsdal orkester
Kl 14.00 i Sødorp kyrkje

**7.desember:**
Konsert m/Skåbukoret
Kl 18.00 i Skåbu kyrkje

**14.desember:**
Konsert m/ Mukampen spellmannslag
Kl 14.00 i Sødorp kyrkje

**15.desember:**
Konsert m/ Norsk Et Lite Kor
Kl 08.30 i Sødorp kyrkje

Konsert m/ Kvam musikkforening
Kl 18.00 i Kvam kyrkje

Julekonsert m/ Marie Skavenes trio
Kl 19.30 i Kvikne kyrkje

# Annonsørar som støttar kyrkjebladet vårt!

## STØTT KYRKJEBLADET!

Det kostar å drive Kyrkjebladet for Nord-Fron
Kontingenten er kr. 150 for 4 nummer
(fyldig nummer til jul).
Betales inn til kontonummer:

## 2095.49.59768

## eller på Vipps 598171
## og merkes Kyrkjeblad

**Vi har to inntektskjelder:**
• *Den friviljuge kontingenten*
• *Støtte-annonsene (Service-sida)*

Kyrkjebladet er viktig for å synleggjera arbeidet og livet i kyrkjelydane

**Takk for di støtte!**
*Helsing redaksjonen*

Din lokalbank er tilgjengelig når du trenger det!
SpareBank 1 GUDBRANDSDAL
Bank
Eiendom
Regnskap

Vi takker alle våre sponsorer. Ønsker du som bedrift annonse i kyrkjebladet, kan du ta kontakt med kyrkjekontoret

FRON BYGG

JOBE
GRAVSTEINSERVICE AS
• Innskriftsjoner
• Oppussing
• Omsliping
Arbeidet utføres på kirkegården.
Raskt tilbake. Mobil: 412 56 304
Epost: post@jobegravsteinservice.no

TINDE HYTTER
BYGGER VARIGE VERDIER

OM Bakken Bygg AS
ENTREPRENØR – HUS OG HYTTER
LOMOVEGEN 9 – 2640 VINSTRA
TLF. 61 21 60 00 – POST@BAKKENBYGG.NO

SLANGEN SETER
Anita Stebergløkken, tlf 90 95 88 38. Slangsliv. 290, 2634 Skåbu
E-post: post@slangen-seter.no - www.slangen-seter.no
Minnesamvær, barnedåp, konfirmasjon, bryllup, jubileum.
Spisesal med plass til 45 pers. - stemningsfull peisestue - overnattingsmuligheter for totalt 60 pers. - gammel miljøskapende fjellstue i unike omgivelser - fjellgård.

HÅREK
FRISØRSALONG
-KVAM-
Tlf.: 612 94 551 / Mob: 482 65 181

Toksekleiva
HUNDEPENSJONAT - VINSTRA
Tlf. 971 88 621

VB
Vinstra Begravelsesbyrå AS
Lise Veikleenget, 99 58 29 43
Nina S. Veikleenget, 94 83 25 40
Døgnvakt!

TOYOTA
DOKKEN BIL AS
Tlf.61 29 29 20 Lomoen, 2640 Vinstra
http://vinstra.toyta.no - E-mail: post.vinstra@toyota

BRØDRENE KROK
Salg & Service
HiKOKI

SENTRUMS HJØRNET
Elvevegen 2 – Kvam. 906 39 181

REMA 1000
Lomoveien 1, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 50 00

FronTraktorService
2640 VINSTRA
Tlf. 61 29 24 60
Rustvegen 170, 2640 VINSTRA. Telefon: 612 92 460.

VINSTRA VASKERI OG RENGJØRING
Alt innen vask og rengjøring
Nedregata 58, 2640 Vinstra
Mobil: 948 49 807

Sanitær • Vannbåren • Varme • Varmepumpe
Hundorp Rørleggerservice AS
Nedregate 22, 2640 Vinstra - Tlf. 61 29 49 90
E-post: post@hundorpror.no
www.hundorpror.no

Peer Gynt
KJØPESENTER
www.peergyntsenter.no

Vekstra
Regnskap Gudbrandsdalen
Avd: Vinstra, Nedreg. 63, 2640 Visnstra
Avd: Fåvang, Stasjonsv. 1, 2634 Fåvang
Tlf 61 29 52 70

Catering
til alle livets anledninger.

Vi leverer smakfulle retter til dåp, konfirmasjon, bryllup og minnestund.

Se meny og bestill direkte på:
**engelcatering.no**

Ta gjerne kontakt med egne ønsker:
mob: 9110 2530
engelbrev@gmail.com

ENGEL
Konditor & catering

coop marked
Coop Marked Skåbu

Skåbuvegen 2666, 2643 Skåbu
Tlf.: 61 29 55 19
E-post: skaabu.marked@coop.no
Åpningstider: Man-Torsdag: 9-18
Fredag: 9-20, Lørdag: 9-18. Søndag: 12-16

abaris

SKÅBU REGNSKAP AS
Medlem Regnskap Norge
post@skaaburegnskap.no
Tlf.: 413 83 898

Gulvlegging - Glassverksted - Blikkverksted - Utleie
WEIKLE
Tlf 9005 4040 - post@weikle.no
www.weikle.as

Hageland Bjørke
Tlf 915 75 074
Vi hjelper deg med blomster til begravelse og andre anledninger

Elektrikern A/S Fron
Nedregata 60, 2640 Vinstra
Tlf. 61 29 20 10

PEER GYNT CATERING
Vi leverer selskapsmaten til ditt arrangement på hytta eller jobben

Peer Gynt Catering AS
Øvregate 23
2640 Vinstra

Mob:971 96 733
Epost: kjetil@peergyntcatering.no
www.peergyntcatering.no

Bakken Begravelsesbyrå
Tlf. 47 68 22 27

FRON TAXI
☎ 48 90 95 00

Dale-Gudbrands Trykkeri a.s
www.dg-trykk.no
2635 Tretten
tlf. 61 27 73 50

FULLDISTRIBUSJON

Retur: Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.
Nedregata 50
2640 Nord-Fron

NORGE P. P.
posten

## GUDSTENESTER I JULA OG NYÅRET I NORD-FRON

| DAG/DATO/TXT | SØDORP | KVAM | KVIKNE | SKÅBU |
|---|---|---|---|---|
| | Alle gudstenester på Julaftan er familiegudstenester | | | |
| Julaftan<br>**24.desember**<br>Luk 2,1-20 | 12:00 Sundheim J P Ous<br>14:00 Kapellet J P Ous<br>16:00 Kyrkja J P Ous | 14:00 Benjamin F Olsen | | 12:00 Benjamin F Olsen<br><br>16:00 Benjamin F Olsen |
| Juledagen<br>**25.desember**<br>Joh 1,1-14 | 11:00 Kyrkja<br>Høgtidsmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | 11:00<br>Høgtidsmesse.Nattverd<br>Jens Petter Ous | |
| 2.juledag<br>**26.desember**<br>Joh 16,1-4a | | 11:00<br>Høgtidsmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| Nyårsaftan<br>**31.desember**<br>Matt 11,25-30 | 18:00 Kyrkja<br>Gudsteneste ved årsslutt<br>Jens Petter Ous | | | |

## GUDSTENESTER I 2025

| DAG/DATO/TXT | SØDORP | KVAM | KVIKNE | SKÅBU |
|---|---|---|---|---|
| Kristi openb.dag<br>**5.januar**<br>Joh 12,42-47 | 11:00 Kapellet<br>Høgmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous | | | |
| 2.s i opneb.tida<br>**12.januar**<br>Joh 1,29-34 | | 11:00<br>Høgmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | 19:00 «Vi syng jula ut»<br>Kveldsmesse<br>Jens Petter Ous |
| 3.s i openb.tida<br>**19.januar**<br>Joh 1,15-18 | 19:00 Kyrkja<br>Kveldsmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous | | 11:00<br>Høgmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous | |
| 5.s i openb.tida<br>**2.februar**<br>Joh 5,1-15 | 11:00 Kapellet Høymesse<br>Nattverd<br>Jens Petter Ous | 19:00<br>Tårnagentmesse<br>Jens Petter Ous | | |
| Samefolkets dag<br>**Torsdag 6.februar**<br>Joh 21,9-13 | 18:00 Kyrkja/ Kyrkjestugu<br>Eftasmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | | |
| 6.s i openb.tida<br>**9.februar**<br>Mar 13,21-27 | | | 11:00<br>Høgmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | |
| Såmannssøndag<br>**16.februar**<br>Matt 13,24-30 | 17:00 Kyrkja<br>Eftasmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous | | | 11:00<br>Høgmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous |
| Kr.forklåringsdag<br>**23.februar**<br>Luk 9,28-36 | | 11:00<br>Høgmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| Fastelavenssøndag<br>**2.mars**<br>Luk 18,31-34 | 17:00 Kapellet<br>Eftasmesse. Nattverd.<br>Jens Petter Ous | | 11:00 Utegudsteneste<br>Gapahuken, Kviknehøgda<br>Jens Petter Ous | |
| Askeonsdag<br>**5.mars**<br>Mark 2,18-20 | | 19:00 Ungdomsgudsteneste.<br>Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| 1.s i fastetida<br>**9.mars**<br>Matt 26,36-45 | 11:30 Sundheim<br>Høgmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | | 19:00<br>Kveldsmesse. Nattverd<br>Benjamin Fjellheim Olsen |
| 2.s i fastetida<br>**16.mars**<br>Luk 13,22-30 | | 11:00 Familiegudsteneste.<br>Nattverd. 6-åringane. Bok.<br>Jens Petter Ous | 19:00<br>Kveldsmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous | |
| Maria bodskapsdag<br>**23.mars**<br>Luk 1,39-45 | 11:00 Kyrkja Fam.gudsten.<br>Nattverd. 6-åringane. Bok<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | | |
| 3.s i fastetida<br>**30.mars**<br>Luk 22,28-34 | | | | 11:00 Familiegudsteneste.<br>Nattverd. 6-åringane. Bok<br>Jens Petter Ous |
| 4.s i fastetida<br>**6.april**<br>Joh 6,24-36 | | 11:00 Kyrkja<br>Høgmesse. Nattverd.<br>Benjamin Fjellheim Olsen | | |
| Palmesøndag<br>**13.april**<br>Joh 12,1-13 | | | 11:00 Familiegudsteneste<br>Nattverd. 6-åringane. Bok.<br>Jens Petter Ous | 19:00<br>Kveldsmesse. Nattverd<br>Jens Petter Ous |

*Det kan koma endringar på gudstenester så fylg med på plakatar, annonser i GD, facebook kyrkja i Nord-Fron samt Heimesida til Nord-Fron kyrkjelege fellesråd.*

TRYKT I NORGE
NO - 0137
www.dg-trykk.no

# God Jul og godt nytt år!

KYRKJA I NORD-FRON

**er på Facebook! Sjå Kirka Nord-Fron**